

Morten Andersen
Nordgardsvegen 225
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3769 - 22/42971

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
03.06.2022

Godkjenning av Haukås/ Sætre hjortevald, gbnr. 199/1 og 201/1-5, Hjelmås.

Administrativt vedtak: Saknr: 634/22

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 11 godkjenner Alver kommune oppretting av Haukås/ Sætre hjortevald gbnr. 199/1 og 201/1-5 på Hjelmås.

Teljande areal er 1151 daa.

Opplysninga vil bli oppdatert i hjorteviltregisteret og er gjeldande for jaktsesong 2022.

Det nye Haukås/ Sætre hjortevald får valdnummer 4631V0083.

Saka gjeld:

Morten Andersen søker i brev dagsett 30.04.2021 på vegne av grunneigarane om godkjenning av nytt vald for hjort på gbnr. 199/1 og 201/1-5 på Hjelmås.

Alle grunneigarar har vore medlem i Sjursæter/ Kleivdal/ Sætre hjortevald, 4631V038.

Søknaden er underskrevet av grunneigarar og jaktrettshavara. Valdets namn er Haukås/ Sætre. Utnemnt vald ansvarleg representant er Morten Andersen, Nordgardsvegen 225, 5913 Hjelmås. Vald ansvarleg er grunneigar i hjortevaldet. Kart over områda er vedlagt.


Det vert søkt på eit teljande areal på 1112,9 daa og i tillegg 41 daa som anna areal.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



VURDERING:

Administrasjonen vurderar at søknad om godkjenning av vald tilfredsstiller alle formelle krav i Forskrift for forvaltning av hjortevilt §§ 9-10 og 11.

I samsvar med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §11, Godkjenning og endring av vald, skal kommunen utøve skjønn når de vurderer valdets form og avgrensing, og ta i betrakting at det som hovudregel er forvaltningsmessige fordeler med store enheter. Der strukturen på valdet (avgrensing, form, størrelse) er til hinder for en rasjonell og effektiv viltnedhaldning, bør kommunen i samarbeid med jakttretthavare arbeide for betra ordningar.

Gbnr. 199/1 og 201/1-5 utgjer eit samanhengande jaktbart areal som ikkje forhindrar rasjonell og effektiv viltnedhaldning.

Administrasjonen har i ein periode vorte gjort merksam på misnøye frå dei impliserte grunneigarar med omsyn til korleis jakta har blitt utført og kjøttfordelinga. Det har vore forsøkt å opprette dei impliserte gbnr. som jaktfelt i Sjursæter/ Kleivdal/ Sætre hjortevald utan resultat.

Administrasjonen vurderar at godkjenning av valdet kan redusere risikoen for at jakta, grunna denne misnøya frå grunneigarane, vert stengt i område. Det vurderast at ved godkjenning av valdet bevarast jaktrykket på hjort i området og kan dermed bidra til at grunneigarane lokalt kan redusere skadeomfanget på skog og avling.

Godkjenning av Haukås/ Sætre hjortevald vil avskjere den fysiske samanheng mellom gbnr. 199/2 og den resterande del av Sjursæter/ Kleivdal/ Sætre hjortevald. Administrasjonen har vurdert at fordelane ved å godkjenne Haukås/ Sætre hjortevald er meir tungtvegande enn dei ulemper somt utføring av jakta på gbnr. 199/2 vil få. Gbnr. 199/2 grenser allereie til andre hjortevald/ bygda på tre sider og har ein størrelse samt tilkomstveg som mogleggjer utøving

av jakt. Bø areala på gbnr. 199/2 er geografisk plassert såleis at sikkerheitsmessigt forsvarleg jakt stadig kan utøvast.

Den fysiske utesettinga av gbnr. 199/2 frå den resterande del av Sjursæter/Kleivdal/Sætre hjortevaldet er ikkje optimal, men ei brukbar løysing. Administrasjonen oppfordrar Haukås/Sætre hjortevaldet å arbeida i retning av å få gbnr. 199/2 inkludert i hjortevaldet etter jaktsesong 2022. At eit vald er godkjent er ikkje til hinder for å arbeide for betre løysingar.

I samsvar med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §8 skal kommunen som hovudregel regne skogareal og myr under skoggrensa som teljande areal for hjort. Med skogareal mens både produktiv og uproduktiv skog, og både lauvskog og barskog. Kommunen kan godkjenne andre arealtypa som teljande areal der disse er av stor betydning for arten.

Gbnr. 199/1 og 201/1-5 er totalt på 1177,4 daa.

Antall teliger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Skog inkl. myr, særs høy bonitet	Skog inkl. myr, høy bonitet	Skog inkl. myr, middels bonitet	Skog inkl. myr, lav bonitet	Uproduktiv skog inkl. myr	Myr uten skog	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebygd, samf., vann, bre	Ikke kartlagt	Sum grunneiendom	
■ Sum (dekar)															
Areal	19	41,0	27,4	107,4	854,0	73,9	0,0	0,0	30,6	16,8	6,4	0,0	19,9	0,0	1 177,4
Sum	19	41,0	27,4	107,4	854,0	73,9	0,0	0,0	30,6	16,8	6,4	0,0	19,9	0,0	1 177,4

Administrasjonen har godkjent fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite i det teljande arealet. Areala for jorddekt fastmark, skrinn fastmark og busetnad områda vert trekt ut av teljande areal. Teljande areal for hjortevaldet blir 1151 daa.

Sjursæter/ Kleivdal/ Sætre hjortevald vert redusert med tilsvarende teljande areal og får nytt teljande areal på 2349daa.

Regelverk

FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/42971

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Otto Haukås
Terje Kleivdal

Nordgardsvegen 17
Hagelia 6

5915 Hjelmås
5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Morten Andersen

Nordgardsvegen 225

5915 HJELMÅS